

Reguleringsplan for Utbjoa.

FØRESEGNER

§ 1

Desse føreseggnene gjeld innafor bygningslova med forskrifter.

FØRESEGNER FOR BYGGJEOMRÅDE

§ 2

- a. Før handsaming av byggjemedding kan kommunen krevja å få utarbeidd ein utførleg plan for delar eller av heile det feltet byggjetiltaket er knytt til. Ein slik plan skal då gjera greie for høgder på ferdig terreng, terrenghandsaming, avkøyringar biloppstillingsplassar og mogelege garasjar, avstand til grenser og mellom bygningar m.v.
- b. Kommunen avgjer om bruken av byggjemedde bygg eller tiltak med støy, støv, lukt, trafikk eller på anna vis er til ulempe for grannelaget på ein måte som gjer at det ikkje kan godtakast.
- c. Tomtene kan ikkje fyllast opp på ein slik måte med vegetasjon, byggverk, m.v. at det etter kommunen sitt skjøn vil vera skjemmande eller til ulempe for grannelaget eller allmenn ferdsle.
- d. Kommunen fastset godtakande høgde på bygga.
- e. Kommunen skal sjå til at bygg får ei god form og eit avstemt material- og fargeval. For kvart bygg godkjenner kommunen utforminga av taket og huset elles.
- f. I naustområde N1 kan det førast opp eitt naust.
Naust kan ha maks. storleik på 40 m^2 , maks. mønehøgde på 5.5 meter og maks. gesimshøgde på 3.5 meter. Begge høgder målt på frontvegg mot sjø.
Naust skal ha saltak og sidehengsla tett naustdør på fasade mot sjøen.
Det skal ikkje vera meir enn 2 stk. vindauge på naustet, og samla glasareal skal ikkje overstiga $1,0\text{ m}^2$. Naustet skal vere i ein etasje.

Naust er uthus for oppbevaring av båt og sjørelatert utstyr.

§ 3

Parkbeltet i Industri 1 skal ha mest mogeleg preg av urørt natur.

FØRESEGNER FOR TRAFIKKOMRÅDE

§ 4

I frisiktarealet skal det ikkje vera sikthinder i form av terreng, vegetasjon, skilt med vidare, som stikk høgare enn ein halv meter over eit tenkt plan gjennom dei vegane som grensar til frisiktarealet.

FØRESEGNER FOR FRIOMRÅDE

§ 5

Utforming av anlegg i friområde skal godkjennast av kommunen.

FØRESEGNER FOR SPESIALOMRÅDE

§ 6

Det kan ikkje leggjast til rette for varig opphold for menneske, men bygg og anlegg som tener den regulerings-bundne bruken kan setjast opp. Tiltaka skal byggjemeldast og godkjennast av kommunen i rimeleg samsvar med dei føreseggnene som er fastsette for byggjeområde.

§ 7

Tiltak og stell av verneverdig område skal gjennomførast først etter samråd med fylkeskonservatoren.

FØRESEGNER FOR SJØOMRÅDE

§ 8

Det regulerte sjøområde er for båttrafikk til og frå tømmerkaien i samband med lasting av tømmer. Sjøområdet er ope for anna båttrafikk så lenge det ikkje hindrar trafikken i samband med bruken av tømmerkaien.

FØRESEGNER FOR SJØOMRÅDE OG TRAFIKKOMRÅDE – KAI (INDUSTRI OG UTSKIPING)

§ 9

Grense for støy nivå utanfor vindauge i rom med støyfølsamt bruksområde og på stille del av uteoppholdsareal:

- Utan impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB
- Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB

Grense for støy nivå utanfor soverom natt kl. 23 – 07:

- $L_{night} \leq 45$ dB
- $L_{A,Fmax} \leq 60$ dB

Desse grensene kan fråvikast ved inntil 20 anløp pr. kalenderår.

Krav om avbøtande tiltak:

- a. Det bør så langt som mogeleg bli unngått å lasta tømmer på natta.
- b. Lastelukene på skipa bør opnast og lukkast i god avstand frå land når det er mogeleg.
- c. Skipa bør leggjast til kai med akterenden mot aust.
- d. Det skal oppnemnast ein nabokontakt og etablerast rutinar for varsling av naboar i samband med lasting av tømmer.
- e. Det skal førast logg for alle anløp ved kaien.

REKKJEFØLGJEKRAV

§ 10

Utfylling i sjø for utviding av kaien kan ikkje gjennomførast før det er utført marinarkæologiske undersøkingar og resultatet frå desse ligg føre (utan funn eller at funn er frigitt). Utfylling i sjø krev også løyve etter forureiningslova og hamne- og farvasslova.

11.04.2023